

Årsmøteprotokoll Birtedalen sti og løypelag 12.03.2016



Det møtte 22 stk på møtet som blei halde på gamlebutikken.

SAK 1: Val av møteleiar

Framlegg: Åsmund Kile
Einstemming

SAK 2: Val av to til å skrive under protokollen

Framlegg: Unni S Evensen og Odd F Johnsen
Einstemming

SAK 3: Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen merknader

SAK 4: Årsmelding for 2015

Sekretær Grethe las årsmelding
Godkjend

SAK 5: Rekneskap for 2015

Kasseraren Leiv Birger la fram rekneskapen.
Rekneskapen gjekk med eit overskot på kr 141 920,91 i 2015.
Grunnen er at grengehukontoen og løypekontoen blei samanslegne.
På bankkonto pr 31.12.15 stod det kr 229 973,99
Rekneskapet var revidert og blei godkjend av årsmøte.

SAK 6: Val

Styremedlem SH Lassemo ordna med valet.
Jamfør vedtektena er det ynskje om å ha med eit medlem i styret frå hytte eigarar i Birtedalen.
Styret har vore valkomite og hadde dette framlegget som og blei det endelige valresultatet

Framlegg styret 2016	Vald år		På val att - årstal
Grethe Lassemo	2016	Styreleiar	2018
Leiv Birger Tovslid	2015	Styremedlem	2017
Åsmund Kile	2015	Styremedlem	2017
Kristin Libjå	2015	Styremedlem	2017
Sverre Valvik	2016	Styremedlem	2018
Bertil Gilberg	2016	Revisor	2018
Stein Helge Lassemo	2016	Valkomite	2018
Karl Petter Evensen	2016	Valkomite	2018
Stein Helge Lassemo	2016	Løypeansvarleg	2018

Løypeansvarleg blir kalla inn til styremøter, utan stemmerett, når det er saker som omhandlar løypa.

SAK 7: Medlemskontingent for 2017

Framlegg frå styre:

Birtedalen sti og løypelag skal ikkje ha medlemskontingent.

Vi oppmodar om frivillig løypetilskot kr 500,-.

Alle som møter på årsmøte har stemmerett.

Einstemmig

Det kom spørsmål om kva som stod i vedtekten, om dette var ein årsmøtesak.
Og kvifor det blei teke opp.

Viser til vedtekten:

§ 3 Årsmøte

Årsmøte skal.....

- *Evaluere førre sesong og fastsetje planar og budsjett for neste sesong.*

Løypetilskot er ein stor del av budsjettet så årsmøte bør behandle denne saken.

SAK 8: Planar og budsjett for 2016

- Brua over Osen – prosjektbudsjett
- Oppussing av løypa langs land mot Kvipt
- Arbeide for å kunne køyre løypa over Rjupeto
- Lage avtaler med grunneigarane for sommarløypetraseane
- Stein Helge Lassemo la fram driftsbudsjett

Det kom inn spørsmål om kva som må til for at Birtedalen sti og løypelag kan bli spelemiddelberettiga.

Det som må til er at kommunen, eit idrettslag, eller fks turistforeninga er med som «eigarar» av prosjektet.

Så langt har vi ikkje klart å få til dette.

SAK 9: Innkomne saker

Ingen

Det blei opna for sal av boka Fjellgubben av Kjell Audun Aalandsli.


Birtedalen sti og løypelag har fått ein del bøkar i gåve frå Kjell Audun Aalandsli

Etter møtet blei det servert lapskaus, moltekrem og kaker.

Grethe Lassemo

12.03.16

Underskrifter:


Unni S Evensen


Odd F Johnsen